



# MØTEBOK

NOREGS MÅLLAG

DIGITALT LANDSMØTE

17.–18. OKTOBER 2020

## 1 OPNING OG KONSTITUERING

---

Denne saka gjeld:

- 1.1 Godkjenning av innkalling
- 1.2 Fastsetjing av landsmøteføresegner
- 1.3 Val av tillitsombod på landsmøtet
- 1.4 Fastsetjing av sakliste
- 1.5 Fastsetjing av tidsfristar

### 1.1 GODKJENNING AV INNKALLING

---

Fyrste innkalling vart sendt ut 23. januar, informasjon om todelt landsmøte, med eit e-postmøte i april og eit oppfølgingsmøte 16.–18. oktober vart sendt ut 24. mars og med tilslutning frå utsendingane til denne delinga i perioden 4.–7. april (alt saman på e-post). Informasjon om digitalt landsmøte 17. og 18. oktober vart sendt 7. september. Innkalling med sakspapir vart sendt ut 16. september, i tråd med lov for Noregs Mållag.

---

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:  
Landsmøtet godkjenner innkallinga.*

---

**Vedtak:**

**Landsmøtet godkjenner innkallinga, mot ei røyst.**

**Landsmøtet godkjenner, mot ei røyst, at styremedlemmane som vart valt inn i styret på epostlandsmøtet (Synnøve M. Sætre og Kjetil Aasen) får tale- og røyserverett.**

---

### 1,2 FASTSETJING AV LANDSMØTEFØRESEGNENE

---

FRAMLEGG TIL LANDSMØTEFØRESEGNER

Frå 24. juli 1980, med brigde frå 29. juli 1982, 27. juli 1995, 29. juli 1999, 26. april 2002, 28. april 2006, 27. april 2007, 25. april 2008 og 21. april 2013.

Desse føresegnene er tilpassa det digitale landsmøtet, og er difor noko endra frå tidlegare.

§ 1

landsmøtet godkjenner framlegg til sakliste og framlegg til møteplan. Dersom det blir endringar i framlegget frå styret, legg styret snarast råd fram endra møteplan der tida ein har til rådvelde, er delt mellom sakene som skal drøftast. Det ligg på styret, særleg på møtestyraren, å prøva å halda tidsplanen.

Styret kjem også med framlegg til fristar for levering av endringsframlegg til saker som er oppe til vedtak. Landsmøtet vedtek slike fristar under konstitueringa.

§ 2

Styret kjem med framlegg om fire til seks ordstyrarar eller møtestyrarar, som landsmøtet skal velja. Dessutan:

A Fem møteskrivarar som har ansvaret for at møteboka frå landsmøtet blir rett. Referat frå landsmøtet skal vera ferdig reinskrive frå møteskrivarane si hand og underskrive innan 15. desember.

B Redaksjonsnemnd på fem medlemer med varafolk for andre saker på landsmøtet. Nemnda skal:

- 1) Gå gjennom innkomne framlegg til vedtak og fråsegner.
- 2) Forma framlegg til vedtak og fråsegner etter oppdrag frå landsmøtet.
- 3) Arbeida saman framlegg som går i same lei, helst i samråd med dei som har levert framlegga.
- 4) Levera ei innstilling til landsmøtet der det går fram om nemnda rår landsmøtet til å røysta for eller mot framlegga som er oppe til handsaming.

§ 3 Møtestyrarane deler arbeidet seg imellom. Møtestyraren skal til kvar tid ha ein hjelper ved styrebordet - så langt råd er, ein av dei valde møtestyrarane. Møtestyrarane skal sjå til at den godkjende møteplanen blir følgd, og skal prøva å fordela tida som er til rådvelde for kvar sak, såleis at alle utsendingar har høve til å leggja fram sitt syn. Ut frå dette skal dei gjera turvande framlegg om nedsett taletid eller strek. Taletida blir fastsett med vanleg fleirtal når ikkje lover eller landsmøteføresegner seier noko anna. Utsendingar kan òg gjera framlegg om avgrensa tid.

§ 4 Møtestyraren kan ikkje vera med i ordskiptet. Vil han vera med i ordskiptet, tek varamøtestyraren over. Møtestyraren kan likevel svara på merknader om møtestyringa.

§ 5 Innlegg til saksførehavinga skal vera stutte, aldri over 1 minutt. Ordskipte om saksførehavinga kan møtestyraren stogga etter 10 minuttar, og skal stogga etter 15 minuttar.

§ 6 Møtestyraren avgjer korleis ein skal be om ordet. Det skal vera høve til føreåt å be om ordet til ei sak eller til einskilde punkt i ei sak.

§ 7 Framlegg skal setjast fram *skriftleg*. Styret skal sjå til at framlegg blir mangfalda før dei blir tekne opp til avgjerd, så sant det er råd.

§ 8 Møtestyraren eller varamøtestyraren fører talarlista. Utanom lista kan landsleiaren eller den han har gjeve mynde til det, og ordskipteinnleiaren få ordet for å svara på spørsmål. Tillitsfolk og tenestefolk skal elles følgja talarlista og fastsett taletid.

§ 9 Taletida er i ordskipta i utgangspunktet 3 minuttar, men kan avgrensast med vanleg fleirtal. Dersom den digitale løysinga ikkje hindrar det, er høve til å be om replikk. Med det meiner ein ein kort kommentar (maksimum ein minutt) til siste innlegget.

Det er høve til 2 replikkar etter kvart innlegg. Det er høve til svarreplikk. Dersom det trengst, kan replikkretten avgrensast.

Møtestyraren kan, når det er tid til det, med samtykke frå landsmøtet, gjera unntak frå tidsavgrensinga.

§ 10 Dreg eit ordskipte ut, kan møtestyraren eller utsendingar gjera framlegg om å setja strek for talarlista. Før strek blir sett, må dei som vil koma med framlegg, få gjera desse kjende, og alle som har merknader til framlegg, eller som ynskjer å vera med i ordskiptet, få melda seg til talarlista.

§ 11 Med vanleg fleirtal kan landsmøtet vedta å halda prøverøysting.

§ 12 Ein røystar til vanleg digitalt i den valde møteløysinga. Vedtak vert fatta ved simpelt fleirtal, med mindre anna går fram av vedtektene.

Når der er fleire enn to framlegg til vedtak, skal det mest radikale framlegget setjast opp mot det nest mest radikale framlegget. Slik held ein fram til ein står att med eit framlegg som kan setjast opp mot framlegget som ligg til grunn for vedtaket.

Ved røystelikskep skal det røystast på ny. Ved røystelikskep for andre gong vil det framlegget som låg til grunn for røystinga, vinna fram. Ved personval, eller der inkje framlegg ligg til grunn, vert spørsmålet avgjort gjennom lutkast.

Ved personval skal alternative framlegg setjast opp mot ein konkret plass i innstillinga. Personval skal avgjerast ved skriftleg røysting dersom det ligg føre meir enn eitt framlegg, eller nokon krev skriftleg val. Dersom det er fleire enn to kandidatar til eit verv, må den som vert vald, ha minimum halvparten av røystene. Oppnår ingen av kandidatane halvparten av røystene i fyrste valomgang, fell kandidaten med færrast røyster ut. Slik held ein fram til ein av kandidatane har oppnådd simpelt fleirtal i siste valrunde.

§ 13 Landsmøtet avgjer med vanleg fleirtal alle tvilsspørsmål om møtestyring der det ikkje er lovfesta eller vedtektsfesta reglar å følgja.

§ 14 Landsmøtet kan fritt gjera avvik frå desse føresegnene.

---

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Landsmøtet vedtek landsmøteføresegner i tråd med framlegget i saksheftet.*

---

**Vedtak:**

**Landsmøtet vedtek landsmøteføresegnene i tråd med framlegget i saksheftet.**

---

### 1.3 VAL AV TILLITSOMBOD PÅ LANDSMØTET

---

Utsendingane har på e-post 20. september 2020 valt desse til omboda som er i arbeid under landsmøtet:

**Ordstyrarar**

Karl Peder Mork

Hege Myklebust

Åsmund Ormset

Signhild Stave Samuelson

**Redaksjonsnemnd for fråsegner og andre saker**

Synnøve Marie Sætre

Knut Georg Nilsen

Ane Landøy

Olav Helge Øwre

Ingunn Vespestad Steinsvåg

**Møteskrivarar**

Jorunn Thingnes

Eline Bjørke

Erik Grov

Per Henning Arntsen

Ingar Arnøy

---

#### 1.4 FASTSETJING AV SAKLISTE

---

Framlegget frå styret står på side 5 i dette heftet.

---

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:  
Landsmøtet vedtek saklista slik ho ligg føre i saksheftet.*

---

---

**Vedtak:**

**Landsmøtet vedtek saklista slik ho ligg føre i saksheftet.**

---

Landsmøtet røyster over om dei vil handsame den innkomne fråsegna frå Sola Mållag. Styret innstiller på å ikkje handsame fråsegna.

---

**Vedtak:**

**Landsmøtet vedtek å ikkje handsame fråsegna frå Sola Mållag.**

---

---

#### 1.5 FASTSETJING AV TIDSRISTAR

---

Merk at alle framlegg til fråsegner og andre saker skal vera sende inn seinast 2 månader før landsmøtet, jf. § 5.3 i lova.

I den situasjonen vi no er i med eit kortare digitalt landsmøte og ingen høve til å dela ut sakspapir på papir, rår styret til at det ikkje blir opna for å handsama fråsegner som kjem inn etter fristen i lova.

---

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:  
Frist for endringsframlegg til fråsegner, inkludert fråsegn om opplæringslova: laurdag klokka 15.00  
Frist for endringsframlegg til økonomisaker og til innkomne framlegg: laurdag klokka 17.30*

---

---

**Vedtak:**

**Frist for endringsframlegg til fråsegner, inkludert fråsegn om opplæringslova: laurdag klokka 15:00. Frist for endringsframlegg til økonomisaker og til innkomne framlegg: laurdag klokka 17.30.**

---

## SAK 2 ÅRSMELDING 2018–2020

**Dåverande leiar Magne Aasbrenn legg fram melding om styret sitt arbeid i arbeidsbolken.**

Årsmeldinga fylgjer landsmøtepapira som eiga trykksak.

---

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Årsmelding for 2018–2020 vert godkjend.*

---

Desse hadde ordet:

109	Kirsti Lunde	Sogndal Mållag
129	Nils Ulvund	Sunndal Mållag
10	Reidun Ramse Sørensen	Hadeland dialekt- og mållag
87	Knut O. Dale	Hordaland Mållag
1	Magne Aasbrenn	Styret

---

**Vedtak:**

**Årsmelding for 2018–2020 vart godkjend, samrøystes.**

---

## SAK 3 REKNESKAPAR 2018 OG 2019

**Dagleg leiar Gro Morken Endresen la fram rekneskapane.**

I årsmeldinga er desse rekneskapane og revisjonsmeldingane trykte:

\* Noregs Mållag 2018 og 2019

\* Inga og Gjøa Lutros legat 2018 og 2019

\* Kulturlotteriet 2018 og 2019

\* Årsmelding og rekneskap for fondet for norsk målreising 2018 og 2019, med revisjonsmelding, er trykt i saksheftet.

---

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Rekneskapane for Noregs Mållag, Fondet for norsk målreising, Inga og Gjøa Lutros legat og Kulturlotteriet vert godkjende.*

---

**Vedtak:**

**Rekneskapane for Noregs Mållag, Fondet for norsk målreising, Inga og Gjøa Lutros legat og Kulturlotteriet vart samrøystes godkjende.**

---

Kjartan Helleve frå Kringkastingsringen helsa landsmøtet.

## 4 UNGDOMENS TALE

**Innleiing ved Gunnhild Skjold, leiar i Norsk Mål ungdom og styremedlem i Noregs Mållag**

Det var ikkje sett av tid til ordskifte etter talen.

## 5 NY OPPLÆRINGSLOV

---

**Leiar Peder Lofnes Hauge innleidde til saka.**

Framlegg frå styret til vedtak/fråsegn i saka:

### OPPLÆRINGSPOLITIKK ER SPRÅKPOLITIKK

---

Opplæringslova er ei heilt sentral språklov. Det er på opplæringsfeltet store delar av språkpolitikken vert utøvd, og det er såleis den mest sentrale språkpolitikken i eit samfunn.

Noregs Mållag krev at regjeringa gjer dei naudsynte tiltaka i arbeidet med ny opplæringslov for at nynorskelevane skal få ei like god opplæring som bokmåselevane har. Jamstillinga mellom nynorsk og bokmål er heilt avhengig av ei betre opplæringslov der dei språklege rettane til nynorskelevar blir lovfesta.

I mai i år kom regjeringa sitt framlegg til språklov. Denne slår i større grad enn mållova fast det offentlege sitt ansvar for språkpolitikken, og det særlege ansvaret staten har for å fremje det minst brukte språket. Det tyder at situasjonen for nynorsk skal vurderast i all politikktutvikling der norsk språk er relevant. Opplæringslovutvalet oppnemnt av regjeringa føreslår å endre fleire av språkkrettane til elevane, utan at dei språkpolitiske konsekvensane er utgreidde, eller at den språkpolitiske dimensjonen av endringane i det heile er nemnt. Utvalet sitt framlegg til ny opplæringslov står i sterk kontrast til formålet til den føreslegne språklova. Noregs Mållag meiner difor det vil vere svært problematisk om regjeringa stiller seg bak framlegga frå utvalet som så klart råkar nynorsken og nynorskbrukarane.

Landsmøtet til Noregs Mållag krev:

#### **1. Språkdelt ungdomsskule**

Språkdelt ungdomsskule er det viktigaste tiltaket i språkdelt område for å sikre god hovudmålsopplæring for nynorskelevane.

I 2016 bad fleirtalet på Stortinget om ei utgreiing om retten til å gå i eigen nynorskklasser gjennom heile grunnskulen. Sidan har regjeringa trenert saka. No må kunnskapsministeren ta grep!

#### **2. Digitale læremiddel på nynorsk**

Nynorskelevane må sikrast same rett til digitale læremiddel og kontorstøtteprogram på eige språk som bokmåselevane har!

Nynorskelevane får i stor grad tilbod om digitale læremiddel som berre finst på bokmål.

Opplæringslovutvalet behandlar heile problemstillinga med harelabb, og ser ikkje i det heile ut til å ha teke henne inn over seg. Utvalet skriv at dei meiner dagens paragrafar synest dekkande, trass i Noregs Mållag si undersøking som syner at det ikkje stemmer. Utvalet vil heller ikkje innlemme dei viktige kontorstøtteprogramma i parallellitetskravet. Slik gjev utvalet dei store multinasjonale selskapa makt over norsk språkutvikling.

#### **3. Hald på skulemålsrøystingane**

Historisk har retten til rådgjevande røystingar om skulemål i skulekrinsane vore heilt avgjerande for nynorsken si utbreiing. Opplæringslovutvalet gjer framlegg om å fjerne denne retten i lova. Då fjernar dei også ein av dei viktigaste språkkrettane i Noreg. Det er oppsiktsvekkjande at dei gjer dette heilt utan å diskutere dei språkpolitiske konsekvensane.

Fjernar ein den lovpålagde plikta til slike skulemålsrøystingar, vil avgjerda om opplæringsmål ligge hjå kommunestyret åleine, med eit høve etter kommunelova til å halda rådgjevande røystingar. Det er svært uklart kva utslag det vil gje. Skulemålsrøystingane fungerer i dag berre som forsøk på å vippe nynorsken ut av skulekrinsane. Noregs Mållag meiner likevel at makta til å endre skulemålet i krinsen framleis bør ligge hjå innbyggjarane.

---

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:  
Landsmøtet vedtek fråsegna Opplæringspolitikk er språkpolitikk*

---

Ordstyrarbordet las opp ei ny, innkomen fråsegn frå Odda Mållag. Landsmøtet røysta over om dei vil handsame fråsegna.

---

**Vedtak:**  
**Landsmøtet vil handsama fråsegna frå Odda Mållag.**

---

DESSE HADDE ORDET:

87	Knut O. Dale	Hordaland Mållag
2	Peder Loftnes Hauge	Styret
105	Astrid Olsen	Bergen Mållag
201	Kjetil Aasen	Styret 2020–2022
5	Gunnhild Skjold	Styret

VEDTAKSBOLK SUNDAG:

Nemndsleiar Synnøve Marie Sætre la fram innstillingane.

DESSE TOK ORDET I ORDSKIFTET OM ENDRINGSFRAMLEGG:

87 Knut O. Dale Odda Mållag

Til saksføreavinga:

87 Knut O. Dale Odda Mållag

## **Innstillingar frå møtenemnda for 05 – NY OPPLÆRINGSLOV**

Nr:	05-01
Fremja av:	Tromsø mållag
Linenummer/ paragraf:	Line 24
Framlegg:	Endra til: «Sidan har det ikkje skjedd noko».
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke
Vedtak: Innstillinga er vedteken	



Nr:	05-02
Fremja av:	Odda Mållag
Linenummer/ paragraf:	24
Framlegg:	Legg til: No må kunnskapsministeren ta grep <b>og fremja lovfesting av denne retten</b>
Nemdsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke
Vedtak: Innstillinga er vedteken, mot 4 røyster	

Nr:	05-03a
Fremja av:	Astrid Olsen, Hordaland Mållag
Linenummer/ paragraf:	21
Framlegg:	Endra til: Språkdelt ungdomsskule er <b>eit viktig tiltak....</b> I staden for Viktigaste tiltaket
Nemdsinnstilling	Avvist til fordel for 05-03b
Vedtak: Innstillinga vart ikkje vedteken.	

Nr:	05-03b
Fremja av:	Redaksjonsnemnda
Linenummer/ paragraf:	21
Framlegg:	Endra til: Språkdelt ungdomsskule er <b>eit av dei viktigaste tiltaka</b>
Nemdsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke
Vedtak: Innstillinga er vedteken, mot 44 røyster	

Nr:	05-04
Fremja av:	Tromsø Mållag
Linenummer/ paragraf:	28
Framlegg:	Legg til: Vi føreslår at første avsnitt vert utvida slik: «Nynorskelevane må sikrast same rett til digitale læremiddel og kontorstøtteprogram på eige språk som bokmåselevane, og til same tid. Her definerer vi som digitale læremiddel digitale verktøy som vert nytta regelmessig for å nå kompetansemåla i eit fag.»
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist
Vedtak: Innstillinga er vedteken, mot 22 røyster	

Nr:	05-05
Fremja av:	Gunnhild Skjold, Frida Pernille Mikkelsen, Ingunn V. Steinsvåg, Tobias C. Eikeland, Anna L. Rekdal, Ragnhild M. Kvifte og Svein S. Eggerud (Norsk Målungdom), Anna Sofie Ekeland Valvatne og Ingrid Mølmen Gråsletten (Studentmållaget i Bergen), Erling L. Leivestad (Sumarøyo Målungdom) og Rasmus Tennø Loe (Sogndal Målungdom)
Linenummer/ paragraf:	46
Framlegg:	<p>Legg til:</p> <p><b>4. Ei reell tilsynsordning</b></p> <p>I dag er tilsynet med språkrettar i skolen dårleg. Noregs Mållag meiner dei manglande rutinane, den vantande kunnskapen og dei uklare klagerutinane undergrev retten elevane har til læremiddel på eige hovudmål.</p> <p>For å sikre oppfølginga av språkrettane i opplæringslova meiner vi at tilsynsansvaret for bør ligge med tilsynsansvaret for andre språkrettar: hos Språkrådet. Dei bør også vere klageinstans når rettane blir brotne. Dei har god kompetanse på feltet, og kan dermed følge opp dette ansvaret på ein god måte.</p>
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke
Vedtak: Innstillinga er vedteken, mot 4 røyster (1 blank)	

---

**Vedtak på heilskapen:**  
**Fråsegna er samrøysta vedteken**

---

## SAK 6 FRÅSEGNER

---

Det låg føre tre fråsegnar då saksheftet gjekk i trykken.

Styret har også lagt fram ei fråsegn om opplæringslova, men har valt å handsama saka som ei eiga sak på landsmøtet, for å sikra tilstrekkeleg rom til den svært viktige saka som er i arbeid dette året. Høyringsfråsegna Noregs Mållag leverte til fristen 1. juli, finn de til slutt i dette saksheftet.

### 1 NY SPRÅKLOV (FREMJA AV STYRET)

---

Noregs Mållag meiner framlegget til ny språklov er ei svekking jamført med dagens mållov. Landsmøtet i Noregs Mållag ber difor Stortinget gjere dei endringane som skal til for at lova ikkje bryt med eige føremål.

Det er fleire gode element i den nye lova, og særleg er det styrkte føremålet svært positivt. At lova slår fast at det offentlege har eit særleg ansvar for å fremje det minst bruka språket nynorsk, er eit steg på rett veg for ein språkpolitikk som anerkjenner at det er eit skeivt styrketilhøve mellom nynorsk og bokmål.

Det er òg svært positivt at fylkeskommunen no får utvida plikter som vil sikre at nynorskbrukarane vil sjå meir av språket sitt. Men Noregs Mållag skulle helst sett at det var framlegget frå høyringsrunden, der fylkeskommunane hadde alle dei same pliktene som regionale statsorgan, som vart fremma for Stortinget.

Skal lova bli den viktige lova som ambisjonen har vore at ho skal vere, må Stortinget gjere desse endringane:

#### **1. Ikkje svekk kravet til skrivekompetanse**

Det mest dramatiske med framlegget til ny lov er at lova klart svekkjer kravet til skrivekompetanse i statsorgan. Landsmøtet til Noregs Mållag meiner statsorgan og fylkeskommunar skal kunne krevje at tilsette skal skrive både bokmål og nynorsk.

#### **2. Kvantifiser vekslinga mellom nynorsk og bokmål hjå nøytrale fylkeskommunar**

Det er viktig at vekslinga mellom nynorsk og bokmål i allment tilgjengelege dokument vert kvantifisert, slik at fylkeskommunane har ein prosentdel nynorsk dei skal produsere.

#### **3. Verkeområde må òg gjelde intern sakshandsaming**

Om verkeområdet for formålet med lova ikkje skal gjelde intern sakshandsaming, vert det eit paradoks at det einaste språkbruksdomenet i samfunnet der bruk av norsk generelt og nynorsk spesielt tilsynelatande, ikkje får eit lovfesta vern, er i intern sakshandsaming. Om ein tek ordlyden heilt på ordet, må det vere i orden for offentlege organ å ta i bruk engelsk som internt forvaltningsspråk. Føremålet med lova må eksplisitt òg gjelde intern sakshandsaming, men vekslingsreglane mellom bokmål og nynorsk kan vere unnateke for intern sakshandsaming.

#### **4. Klageretten må ikkje bli innsnevra**

Klageretten må ikkje bli innsnevra, slik at språkorganisasjonar ikkje blir omfatta av han. Dette vil vere ei innsnevring av høvet til å klage samanlikna med dagens lov.

#### **5. Gje språklova sanksjonar**

Noregs Mållag meiner at den nye språklova treng sanksjonar. Språkrådet og Kulturdepartementet har gjentekne gongar peika på brot på språkkrava, utan at det blir retta opp. Noregs Mållag gjer framlegg om bot med ein tidsfrist for å rette på feilen, der feilrettingar i rett tid gjer at bota blir strøken.

## 2 DIGITALE LÆREMIDDEL OG KONTORSTØTTEPROGRAM MÅ KOMME PÅ BÅDE NYNORSK OG BOKMÅL (FREMJA AV STYRET)

---

Det trengst klårare definisjonar av kva som er eit læremiddel. Digitale verktøy som vert nytta regelmessig for å nå kompetansemåla i eit fag, må verte rekna som læremiddel. Nynorskelevane får i stor grad tilbod om digitale læremiddel og kontorstøtteprogram som berre finst på bokmål. Noregs Mållag fekk i 2018 utarbeidd ein rapport som synte at tilgangen til digitale læremiddel var dårleg, og at definisjonane for kva eit læremiddel er i opplæringslova, er så uklare at det er lett for skuleeigar å omgå kravet og ta i bruk læremiddel som berre finst på bokmål.

Når regjeringa no skal utarbeide ei ny opplæringslov må denne sikre retten til digitale læremiddel og kontorstøtteprogram betre enn dagens lov. Unntak frå lova må vurderast og grunnjevast særskilt. Retten til eige språk bør ikkje berre gjelde læremiddel. Denne retten bør òg gjelde kontorstøtteprogram, operativsystem og andre digitale hjelpemiddel som er avgjerande for at nynorskelevane får ei like god opplæring som bokmålelevane på sitt eige opplæringspråk. Utan slike krav til operativsystem og kontorstøtteprogram får nynorskelevane eit dårlegare tilbod. Norske elevar nyttar i dag skriveprogram og andre kontorstøtteprogram utan brukargrensesnitt på nynorsk og utan god nok stavekontroll på nynorsk. Dei nyttar altså hjelpemiddel i skriveopplæringa som fortel dei at det dei skriv er feil, sjølv om det er korrekt nynorsk. Dette kan opplæringslova berre løyse ved at skrive- og andre kontorstøtteprogram får eit klart parallellitetskrav på seg frå norske styresmakter. Om ikkje, gjev utvalet dei store multinasjonale selskapa makt over norsk språkutvikling.

## 3 EIN NY NYNORSKPOLITIKK (FREMJA AV MÅLLAGET I KRISTIANSAND)

---

Den nye språklova opnar for favorisering av nynorsk framfor bokmål. Det er ein situasjon målrørsla må utnytte til å få meir synleg nynorsk for alle. Etter 135 år med jamstilling er tida mogen for å vurdere gamle og nye tiltak for ein framtidretta nynorskpolitikk. Eg trur ikkje det er lovkrav og trass som kan redde nynorsken. Han må heller få breia som det beste alternativet for alle som skriv norsk!

Sidemålsstilen er eit toeggja sverd og er i dag truga av dårleg undervisning, lægre krav og felles karaktersetting. Det verste er at han undergrev nynorsken som hovudmål, særleg i randsonene. Bokmålet breier seg òg frå administrasjonssentra og industribygder langt inn i dei nynorske kjerneområda. Resultatet vert fyrst parallellklassar med bokmål og så byrjar skulemålsrøystingane. Nynorsken kjem i ein vanskeleg forsvarsposisjon og fråfallet i utdanningsløpet er skræmmande høgt. Liberale fritaksreglar gjer at mange heller ikkje får undervisning i nynorsk. I tillegg legg sidemålsundervisninga grunnlag for negative kjensler mot nynorsk generelt i samfunnet. Om me fjernar sidemålet vert nynorsk ein innebygd del av norskfaget med vekt på opphav, kultur og mangfald. Innanfor høgare utdanning er det i dag slik at ein kan krevja eksamensoppgåver parallelt på bokmål og nynorsk. Det kan verka urimeleg at om ein av 200 elevar krev nynorsk, så må det lagast to utgåver av oppgåveteksten. Dessutan er det fare for ei dårleg eller unøyaktig omsetting.

Grunngjevinga for dette kravet verkar urimeleg i dag og bør bytast i noko betre.

Norskopplæring for utlendingar var lenge berre på bokmål. At det no er opna for nynorsk skulle berre mangle, men kvifor stoppa her? Mange utlendingar slit med å forstå norske dialektar og sjølv dei med vestleg bakgrunn og høgare utdanning er skeptiske til nynorsk. Kva om all norskundervisning for utlendingar berre var på nynorsk? Nynorsk skrivast meir ljodnært enn bokmål og grammatikken er meir konsekvent. Og så ville dei få med seg variasjonane i talemålet på kjøpet. Som eit samandrag av denne drøftinga har eg sett opp nokre tiltak for ein meir positiv, realistisk og framtidretta nynorskpolitikk:

1. Kommunane må krevja bruk av nynorsk for lærarar i nynorskkursar for barnehage/skule.
2. Kommunar med minst 20.000 innbyggjarar må ha eit fast tilbod om nynorsk parallellklasse.

3. Skulemålsrøystingar om å byta til bokmål krev 2/3 fleirtal. Elles reint fleirtal.
4. Språkbyte for nynorskelevar kan tidlegast skje på vidaregåande skule. Elles 8. som i dag.
5. Minst 25 % av alt undervisningsmateriell for bokmålelevar i vidaregåande skal vera nynorsk.
6. Nynorsk som valfag for bokmåselevar med tilleggspoeng ved opptak til språkstudie.
7. Minst 25 % av alt eigenutvikla tekstmateriell ved universitet/høgskule skal vera på nynorsk.
8. Alle norskopplæring for innvandrarakar skal skje på nynorsk.
9. Alle offentlege system skal vera tospråklege (norsk) og brukarane får sitt språk automatisk.
10. Personleg kommunikasjon (1:1) med det offentlege avgjerast av den einskilde.
11. Nynorskbrukarar kan ikkje nektast å nytta eige skriftspråk i sitt daglege arbeid.

---

#### SYNNØVE MARIE SÆTRE FRÅ STYRET LA FRAM FRÅSEGN 1, NY SPRÅKLOV.

---

Ingen tok ordet i ordsiftet om fråsegn 1.

---

#### SYNNØVE MARIE SÆTRE FRÅ STYRET LA FRAM FRÅSEGN 2, DIGITALE LÆREMIDDEL OG KONTORSTØTTEPROGRAM MÅ KOMME PÅ BÅDE NYNORSK OG BOKMÅL.

---

##### DESSE TOK ORDET I ORDSIFTET OM FRÅSEGN 2:

---

136	Jørgen Giorgio Bosoni	Nidaros Mållag
-----	-----------------------	----------------

---

#### RONNY ROGNHAUGEN FRÅ MÅLLAGET I KRISTIANSAND LA FRAM FRÅSEGN 3, EIN NY NYNORSKPOLITIKK

---

##### DESSE TOK ORDET I ORDSIFTET OM FRÅSEGN 3:

---

18	Ingebjørg Rivedal	Buskerud Mållag
Replikk:	48 Ronny Rognhaugen	Mållaget i Kristiansand
109	Kirsti Lunde	Sogndal Mållag
152	Ragnhild Mikalsen Kvifte	Norsk Målungdom

---

#### ORDSTYRARBORDET LAS OPP FRÅSEGNA FRÅ ODDA MÅLLAG, OM SPRÅKDELT UNGDOMSSKULE (FRÅSEGN 4).

---

Ingen tok ordet i ordsiftet om fråsegn 4.

Per Magnus Finnanger Sandsmark frå Nynorsk Kultursentrum helsa landsmøtet, digitalt.

---

#### DESSE TOK ORDET I FRAMHALDET AV ORDSIFTET OM FRÅSEGNENE, OM FRÅSEGN 4:

---

200	Synnøve Marie Sætre	Styret
-----	---------------------	--------

Møtelyden tok pause frå klokka 14.04 til 15.00.

Helsingstale frå kunnskapsminister Guri Melby

Ordstyrar vitra: 89 er til stades  
Frist for fråsegner vart utsett til vidare.  
Ordsiftet held fram

---

DESSE HADDE ORDET:

18 Ingebjørg Rivedal, Gol Mållag  
136 Jørgen Bosoni, Nidaros Mållag  
95 Harald Jordal Odda Mållag  
200 Synnøve M. Sætre, Styret

---

VEDTAKSBOLK SUNDAG:

Nemndsleiar Synnøve Marie Sætre la fram nemndsinnstillingane.

---

DESSE TOK ORDET I ORDSKIFTET OM ENDRINGSFRAMLEGG:

21	Jon Låte	Vikværingen
95	Harald Jorddal	Odda Mållag
	Replikk: 37	Ottar Vik
109	Kirsti Lunde	Mållaget Dag Sogndal Mållag

---

INNSTILLINGAR FRÅ MØTENEMNDA FOR 06 – FRÅSEGNER

---

**FRÅSEGN 2. NY SPRÅKLOV**

---

Nr:	<b>06-01a</b>
Fremja av:	Jon Samuel Håbrekke, Fosna Mållag

Linenummer/ paragraf:	64
Framlegg:	Endra overskrifta til «Krav til offentleg skrivekompetanse»
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist til fordel for 06-01b
Vedtak: Innstillinga vart vedteken, mot to røyster	

Nr:	<b>06-01b</b>
Fremja av:	Redaksjonsemnda
Linenummer/ paragraf:	64
Framlegg:	Endra overskrifta til «Hald på kravet til offentleg skrivekompetanse»
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke
Vedtak: Innstillinga vedteken	

---

**Vedtak på heilskapen:**  
**Fråsegna er vedteken**

---

### **FRÅSEGN 3 DIGITALE LÆREMIDDEL OG KONTORSTØTTEPROGRAM MÅ KOMME PÅ BÅDE NYNORSK OG BOKMÅL**

---

Nr:	<b>06-02</b>
Fremja av:	Tromsø Mållag

Linenummer/ paragraf:	89
Framlegg:	Stryk setninga: «Det trengst klårare definisjonar av kva som er eit læremiddel»
Nemdsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist
Vedtak: Innstillinga er vedteken, mot 21 røyster	

Nr:	06-03
Fremja av:	Jørgen Bosoni, Nidaros Mållag
Linenummer/ paragraf:	94
Framlegg:	Legg til Det same kan seiast om læremiddel og læringsplattformer for framandspråklege som får opplæring i nynorsk.
Nemdsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke
Vedtak: Innstillinga er vedteken, mot 2 røyster	

Nr:	06-04
Fremja av:	Jørgen Bosoni, Nidaros Mållag
Linenummer/ paragraf:	96 - 97
Framlegg:	Endre «og kontorstøtteprogram betre enn dagens lov» til «, læringsplattformer og kontorstøtteprogram betre enn dagens lov»
Nemdsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke
Vedtak: Innstillinga er vedteken, mot 1 røyst	



Nr:	06-05
Fremja av:	Jørgen Bosoni
Linenummer/ paragraf:	98
Framlegg:	Endre setninga til: «Denne retten bør òg gjelde kontorstøtteprogram, læringsplattformer, operativsystem og andre digitale hjelpemiddel som er avgjerande for at nynorskelevar og framandspråklege som får opplæring i nynorsk får ei like god opplæring som bokmåselevane på sitt eige opplæringspråk»
Nemdsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist til fordel for nemnda sitt framlegg 06-07
Vedtak: Innstillinga vart vedteken	

Nr:	06-06
Fremja av:	Jon Håkon Håbrekke, Fosna Mållag
Linenummer/ paragraf:	98
Framlegg:	Endre setninga til: Retten til eige språk bør <b>gjelde kontorstøtteprogram, operativsystem og andre digitale hjelpemiddel på lik linje med alle læremiddel. Det er viktig for at nynorskelevane skal få like god språkopplæring på sitt eige opplæringspråk som bokmåselevne som bokmåselevane</b>
Nemdsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist til fordel for nemnda sitt framlegg 06-07
Vedtak: Innstillinga vart vedteken	

Nr:	06-07
Fremja av:	Nemnda
Linenummer/ paragraf:	98

Framlegg:	Endre setninga til: «Retten bør òg gjelde kontorstøtteprogram, læringsplattformer, operativsystem og andre digitale hjelpemiddel som er avgjerande for at nynorskelevar og framandspråklege som får opplæring i nynorsk får ei like god opplæring som bokmåselevane på sitt eige opplæringspråk»
Nemdsinnstilling	Samrøystes tilrådd
Vedtak: Innstillinga er vedteken, mot 2 røyster (1 blank)	

---

**Vedtak på heilskapen:**  
**Fråsegna er samrøysta vedteken**

---



---

FRÅSEGN 4 EIN NY NYNORSKPOLITIKK

---

Nr:	06-08a
Fremja av:	Ingebjørg Rivedal, Buskerud mållag
Linenummer/ paragraf:	108
Framlegg:	Landsmøtet tek ikkje stilling til innhaldet i fråsegna, men sender henne over til styret for handsaming i organisasjonen.
Nemdsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist til fordel for 06-08b
Vedtak: Innstillinga er vedteken	

Nr:	06-08b
Fremja av:	Ragnhild Kvifte
Linenummer/ paragraf:	108
Framlegg:	Landsmøtet avviser fråsegna, men bed organisasjonen ta med seg innspela frå fråsegna vidare inn i diskusjonen kring nytt arbeidsprogram.
Nemdsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke

Nr:	06-08c
Fremja av:	Kristiansand Mållag
Linenummer/ paragraf:	108
Framlegg:	<p>Nytt heilskapleg framlegg til ny versjon av fråsegna:</p> <p>Slik det ser ut no vil den nye språklova opna for favorisering av nynorsk framfor bokmål. Det er ein situasjon målrørsla bør utnytta til å få meir synleg nynorsk for alle. Etter 135 år med jamstelling er tida mogen for å vurdere gamle og nye tiltak for ein framtidsretta nynorskpolitikk. Eg trur ikkje det berre er lovkrav og tvang som kan redde nynorsken. Men om våre krav opplevast som fornuftige trur eg han får breia seg friare som det beste alternativet for alle som skriv norsk!</p> <p>Sidemålsstilen er eit toeggja sverd og er i dag truga av dårleg undervisning, prøveordningar og felles karaktersetting. Det verste er at han undergrev nynorsken som hovudmål, særleg i randsonene. Bokmålet breier seg frå administrasjonssentra og industribygder langt inn i dei nynorske kjerneområda. Resultatet vert fyrst parallellklassar med bokmål og så byrjar skulemålsrøystingane. Nynorsken kjem i ein vanskeleg forsvarsposisjon og fråfallet i utdanningsløpet er skræmmande høgt. Liberale fritaksreglar gjer at mange heller ikkje får undervisning i nynorsk. I tillegg legg sidemålsundervisninga grunnlag for negative kjensler mot nynorsk generelt i samfunnet. Om me fjernar sidemålet vert nynorsk ein innebygd del av norskfaget med vekt på opphav, kultur og mangfald.</p> <p>Innanfor høgare utdanning er det i dag slik at ein kan krevja eksamensoppgåver parallelt på bokmål og nynorsk. Det kan verka urimeleg at om ein av 200 elever krev nynorsk, så må det lagast to utgåver av oppgåveteksten. Dessutan er det fare for ei dårleg eller unøyaktig omsetting. Grunngevinga for dette kravet verkar urimeleg i dag og bør bytast i noko betre.</p> <p>Norskopplæring for utlendingar var lenge berre på bokmål. At det no er opna for nynorsk skulle berre mangle, men kvifor stogga her? Mange utlendingar slit med å forstå norske dialektar og sjølv dei med vestleg bakgrunn og høgare utdanning er skeptiske til nynorsk. Kva om all norskundervisning for utlendingar berre var på nynorsk? Nynorsk skrivast meir ljonært enn bokmål og grammatikken er meir konsekvent. Og så ville dei få med seg variasjonane i talemålet på kjøpet.</p> <p>I dag kan me krevja svar på nynorsk i personleg kommunikasjon med Statlege organ. I lovframlegget skal dette utvidast til fylkeskommunane. Problemet er berre at det same gjeld for bokmålsbrukarane, og dimed er det større sjanse for at ein offentleg tilsett nynorskbrukar må svara på bokmål enn omvend. Nynorskbrukarar bør heller sikrast rett til å skriva nynorsk i sitt arbeid, uansett om arbeidsgjevar er statleg, fylkeskommunal, kommunal eller privat. Dessutan er det viktigare at alle elektroniske system skal vera tospråklege (norsk) og at brukarane får sitt språk automatisk.</p> <p>Som eit samandrag av denne drøftinga har eg sett opp nokre tiltak for ein aktiv nynorskpolitikk:</p>

	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kommunane må krevja bruk av nynorsk for lærarar i nynorskkrrinsar for barnehage/skule.</li> <li>2. Kommunar med minst 20.000 innbyggjarar må ha eit fast tilbod om nynorsk parallellklasse.</li> <li>3. Skulemålsrøystingar om å byta til bokmål krev 2/3 fleirtal. Elles reint fleirtal.</li> <li>4. Språkbyte for nynorskelevar kan tidlegast skje på vidaregåande skule. Elles 8. som i dag.</li> <li>5. Fjern sidemålsstilen, sidemålsskarakteren og omgrepa hovudmål/sidemål.</li> <li>6. Minst 25 % av alt undervisningsmateriell for bokmålselevar i vidaregåande skal vera nynorsk.</li> <li>7. Minst 25 % av alt eigenutvikla tekstmateriell ved universitet/høgskule skal vera på nynorsk.</li> <li>8. Minst 25 % av eksamensoppgåvene ved universitet/høgskule skal vera på nynorsk.</li> <li>9. Alle norskopplæring for innvandrarar skal skje på nynorsk.</li> <li>10. Nynorskbrukarar må sikrast rett til å skriva nynorsk i sitt arbeid, uansett arbeidsgjevar.</li> <li>11. Alle elektroniske system skal vera tospråklege (norsk); offentlege og private.</li> </ol>
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist
Vedtak: Innstillinga er vedteken	

Nr:	06-08d
Fremja av:	Kirsti Lunde
Linenummer/ paragraf:	108
Framlegg:	Stryk setninga punkt 1,3,4,6,7,9,10 og 11
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist til fordel for 06-08b
Vedtak: Innstillinga er vedteken	

**Vedtak på heilskapen:  
Fråsegna vart ikkje vedteken.**

## NY FRÅSEGN FRÅ ODDA MÅLLAG

Nr:	06-09
Fremja av:	Odda Mållag
Linenummer/ paragraf:	Ny fråsegn

Framlegg:	I samband med stortingsvalet i 2021 vil landsmøtet i Noregs Mållag utfordra dei politiske partia til å innarbeida viktige målpolitiske saker i sine arbeidsprogram/valprogram på sine komande landsmøte. Retten til språkdeling på ungdomstrinnet (Oddamodellen) er ei slik sak  Framfor valet i 2021 skipar Noregs Mållag til eit møte der dei politiske partia vert utfordra på dei sentrale mållagskrava.
Nemndsinnstilling:	Samrøystes tilrådd oversend styret
Vedtak: Innstillinga er vedteken	

**Vedtak på heilskapen:  
Fråsegna blir oversend til styre**

## SAK 7 ØKONOMISAKER

**Dagleg leiar Gro Morken Endresen legg fram økonomisakene.**

Denne saka inneheld tre vedtakspunkt:

- 10.1 Frikjøp av leiar/styremedlemer for 2022–2024
- 10.2 Årspengar for 2022 og 2023
- 10.3 Budsjett for 2021 og 2022

### 7.1 FRIKJØP AV LEIAR/STYREMEDLEMER FOR 2022–2024

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Til frikjøp av styreleiar i landsmøteperioden 2022–2024 vert det sett av lønsmidlar i inntil full stilling i lønnssteg 62–77 i statsregulativet. Frikjøp skal skje ut frå eiga løn og vidare følgja den ålmenne lønsutviklinga i staten.*

#### DESSE HADDE ORDET:

10 Reidun R. Sørensen, Hadeland dialekt- og mållag  
200 Synnøve M. Sætre, Styret  
37 Ottar Vik, Mållaget Dag  
Gro M. Endresen

#### INNSTILLINGAR FRÅ MØTENEMNDA FOR 7.1 – ØKONOMISAKER

Nr:	7.1-01
Fremja av:	Reidun Ramse Sørensen
Linenummer/ paragraf:	
Framlegg:	«lønnssteg 62-77» endrast til «lønnssteg 60-75».
Nemndsinnstilling:	Samrøystes tilrådd avvist
Vedtak: Innstillinga er vedteken	

---

**Vedtak:**

*Til frikjøp av styreleiar i landsmøteperioden 2022–2024 vert det sett av lønsmidlar i inntil full stilling i lønssteg 62–77 i statsregulativet. Frikjøp skal skje ut frå eiga løn og vidare følgja den ålmenne lønsutviklinga i staten.*

---

## 7.2 ÅRSPENGAR FOR 2022 OG 2023

---

Årspengane for 2020 og 2021 er sette til 300 kroner. Landsmøtet skal fastsetja årspengar for 2022 og 2023. Fastsetjing av årspengar er regulert i lov for Noregs Mållag § 4.6:

*Noregs Mållag har faste årspengesatsar som vert vedtekne på kvart landsmøte. Familiemedlemer og lag som også er med i Noregs Ungdomslag betalar halve årspengar. Medlemer i yrkesmållag som også er med i lokallag, svarar ikkje sentral kontingent gjennom yrkesmållaget. Heidersmedlemer i Noregs Mållag svarar ikkje kontingent til samskipnaden.*

---

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Årspengane for 2022 og 2023 blir sette til 300 kroner i ordinær sentralsats. Tilrådd fylkessats er 40 kroner og tilrådd lokallagssats er 60 kroner.*

---

Ingen hadde ordet i ordsiftet.

---

**Vedtak:**

**Årspengane for 2022 og 2023 blir sette til 300 kroner i ordinær sentralsats. Tilrådd fylkessats er 40 kroner og tilrådd lokallagssats er 60 kroner.**

---

## 10.3 BUDSJETT FOR 2021 OG 2022

---

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Landsmøtet godkjenner budsjetta for 2021 og 2022 som er lagde fram med årsresultat på 15' kr og -205' kr.*

---

Ingen hadde ordet i ordsiftet.

---

**Vedtak:**

**Landsmøtet godkjenner budsjetta for 2021 og 2022 som er lagde fram med årsresultat på 15' kr og -205' kr.**

---

## SAK 8 INNKOMNE FRAMLEGG

---

Utdrag frå paragraf 5.3:

Når lokallag og fylkeslag (ved styre eller medlemsmøte) sender inn grunngjevne framlegg (lovbrigde, fråsegner og andre saker), og dei er styret i hende seinast to månader før fyrste landsmøtedagen, har styret plikt til å føra sakene opp på saklista, men det er landsmøtet som fastset saklista endeleg. Landsmøtet kan stryka saker frå saklista med vanleg fleirtal. Landsmøtet avgjer med vanleg fleirtal om det vil ha føre fråsegner som kjem inn etter fristen.

**Det har kome eitt framlegg, frå Odda Mållag.**

## FRAMLEGG FRÅ ODDA MÅLLAG

---

**Tiltak for å styrkja økonomien til fylkeslaga:**

- 1: Halvparten av den summen som kjem inn i målgåver til Noregs Mållag, skal gå attende til fylkeslaga.
- 2: Målgåver som går direkte til fylkeslaget, skal òg gje grunnlag for skattefråtrekk for gjevaren. Skrivarstova i Noregs Mållag får ordninga på plass i 2020.

---

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*1 Landsmøtet vil halda fram med ordninga der målgåver betalte til Noregs Mållag blir verande sentralt til å dekkja kostnadene med å driva arbeidet sentrallekken står for, til støtte for heile organisasjonen.*

*2 Landsmøtet er glad for at skrifvarstova har fått på plass ei ordning der fylkeslaga kan få sitt eige KID-nummer slik at fylkeslaga kan senda ut eigne gåvegiroar som også gjev grunnlag for skattefrådrag.*

---

DESSE HADDE ORDET I ORDSKIFTET:

---

87 Knut O. Dale, Odda Mållag  
2 Peder L. Hauge, styret  
105 Astrid Olsen, Bergen Mållag  
81 Erlend Bakke, Hordaland Mållag  
80 Oddvar Skre, Hordaland Mållag  
10 Reidun R. Sørensen, Hadeland dialekt- og mållag  
129 Nils Ulvund, Sunndal Mållag

INNSTILLINGAR FRÅ MØTENEMNDA FOR 08 – INNKOMNE FRAMLEGG

---

Nr:	08-01a
Fremja av:	Tove Eidhammer og Jon Låte, Fylkeslaget Vikværingen
Linenummer/ paragraf:	Punkt 1
Framlegg:	Vedtaket vert endra til: Noregs Mållag sikrar løn til Fylkesskrivar i Hordaland Mållag med ansvar for skulemålsarbeid i Hordaland /Vestland fylke. Dette må også leggjast inn i budsjettet for 2021 og 2022.
Nemdsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist mot éi røyst
Vedtak: Framlegget vart trekt	

Nr:	08-01b
Fremja av:	Erlend Bakke
Linenummer/ paragraf:	Punkt 1



Framlegg:	<i>Legg til etter punkt 1: For å styrkja organisasjonen praktisk og økonomisk på fylkesnivået bed landsmøtet sentrallekken om å utnemna ein av dei fast tilsette i heil stilling i Noregs Mållag til organisasjonsskrivar for fylkeslaga. Organisasjonsskrivaren for fylkeslaga skal ikkje fungera som reiseskrivar. Organisasjonsskrivaren skal likevel samarbeida med leiaren i kvart fylkeslag om å fremja den politiske kontakten med private og offentlege institusjonar som er viktige for nynorsk mål i det einkilde fylkeslagsområdet. Med eigen organisasjonsskrivar for fylkeslaga styrkjer me fylkeslaga fordi dei får direkte tilgang til stillingsressursar. Samstundes er organisasjonsskrivaren knytt administrativt til skrivekstova. Dette er avgjerande for at skrivekstova og dei tillitsvalde i fylkesmållaga kan gjera meir og betre regionalt målarbeid saman.</i>
Nemdsinnstilling:	Samrøystes tilrådd avvist
Vedtak: Framlegget fall	

#### Vedtak:

**1 Landsmøtet vil halda fram med ordninga der målgåver betalte til Noregs Mållag blir verande sentralt til å dekkja kostnadene med å driva arbeidet sentrallekken står for, til støtte for heile organisasjonen.**

**2 Landsmøtet er glad for at skrivekstova har fått på plass ei ordning der fylkeslaga kan få sitt eige KID-nummer slik at fylkeslaga kan senda ut eigne gåvegiorar som også gjev grunnlag for skattefrådrag.**

## SAK 9 FRAMLEGG TIL LOVENDRING

### Styremedlem Anders Riise innleidde om framlegget til lovendring.

Framlegg til nye lovparagrafar, som i tilfelle blir nytt kapittel IX (og forskuving av noverande kapittel IX og X til høvesvis X og XI).

#### § 9.1 Låneopptak og opptak av garantiar i samband med drift av Noregs Mållag

Styret har høve til å ta opp lån til kjøp av kontorlokale eller stilla garantiar i samband med drifta av Noregs Mållag.

Samla lån skal ikkje overstiga NOK 20 000 000.

Samla garantiansvar skal ikkje overstiga NOK 400 000.

Maksimal løpetid for ovannemnde lån er inntil 25 år nedbetaling.

123 deltakarar var til stades då røystinga byrja.  $\frac{2}{3}$  flertal (82 representantar)

---

**Vedtak:**

**Landsmøtet vedtek framlegget frå styret til § 9.1 med 119 mot 2 røyster.**

---

**§ 9.2 Trygd**

Eigne eigedomar kan stillast som trygd for lån og garantiar med inntil NOK 20 000 000. Noregs Mållag kan også nytta kontantdepot som trygd for lån og garantiar med inntil NOK 500 000.

---

**Vedtak:**

**Landsmøtet vedtek framlegget frå styret til § 9.2 med 121 mot 2 røyster.**

---

**§ 9.3 Fullmakter**

Dagleg leiar i Noregs Mållag har fullmakt til å tinga med aktuelle bankar om pris på lån og garantiar. Dagleg leiar har også fullmakt til å signera låneavtalar, avtalar om garantistilling og avtalar om pantsetjing av eigedomar eigd av Noregs Mållag og gjera avtale om kontantdepot, etter vedtak i styret.

---

**Vedtak:**

**Landsmøtet vedtek framlegget frå styret til § 9.3 med 119 mot 2 røyster.**

---

Gunnhild Berge Stang frå kulturdepartementet helsa landsmøtet.

Inger Johanne Sæterbakk frå styret vitra om vervekampanje.

Ordstyrbordet vitra om at 126 røysteføre røysta i prøverøystinga før valet.

## 10 VAL

---

**Leiar Peder Lofnes Hauge la fram innstillinga på ny valnemnd for 2020–2022 og revisor for 2020 og 2021.**

Denne saka inneheld to vedtakspunkt:

10.1 Val av valnemnd

10.2 Val av revisor

### 10.1 VAL AV VALNEMND

---

Valnemnda for 2018–2020 har vore:

leiar	Kirsti Lunde	
medlem	Marit Krogsæter	
medlem	Helen Johannessen	
medlem	Sigbjørn Hjelmbrekke	
medlem	Åsmund Kvifte	vald av NMU

1. vara Pål Julius Skogholt

2. vara Else Berit Hattaland

3. vara Peder Sjø Slettebø
1. vara Svein Soldal Eggerud vald av NMU  
2. vara Øystein Sandve vald av NMU

**Framlegg frå styret til ny valnemnd for 2020 til 2022:**

- leiar Helen Johannessen  
medlem Åsmund Kvifte  
medlem Else Berit Hattaland  
medlem Øyvind Fenne  
medlem Håkon Remøy vald av NMU
1. vara Hege Myklebust  
2. vara Ola Haugen Havrevoll  
3. vara Liv Eldegard Talle
1. vara Svein Soldal Eggerud vald av NMU  
2. vara Anna Lovise Rekdal vald av NMU

---

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:  
Landsmøtet vel valnemnd for perioden 2020–2022 i tråd med innstillinga frå styret.*

---

---

**Vedtak:**

**Landsmøtet vel valnemnd for perioden 2020–2022 i tråd med innstillinga frå styret.**

---

---

## 10.2 VAL AV REVISOR

---

---

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:  
Landsmøtet vel Vekst revisjon til revisor for rekneskapsåra 2020 og 2021.*

---

---

**Vedtak:**

**Landsmøtet vel Vekst revisjon til revisor for rekneskapsåra 2020 og 2021.**

---

## VEDLEGG

---

- 1 Avslutningstalen frå leiaren
- 2 Vedtekne fråsegner

---

### 1 AVSLUTNINGSTALEN FRÅ LEIAREN

---

Gode landsmøte,

takk for ei godt gjennomført digital møtehelg. Eit historisk landsmøte er straks historie. Det 101. landsmøtet i Noregs Mållag blei det første digitale - og det gjekk bra!

Takk til dei tilsette på skivarstova, og alle som har lagt ned ein enorm frivillig innsats i framkant av og gjennom helga. Ei særleg takk til Odin Hørthe Omdal som har hatt det tekniske ansvaret og saman med bror Falk og far Skjalg har sørgt for at dette har blitt ein verkeleg flott digital produksjon.

Takk til alle delegatane for gode ordskifte og vedtak. Takk for at du brukar tida di på Noregs Mållag.

\*

Det er snart tid for å logge av landsmøtet. Men vi kan aldri logge av målstriden - vi har nok å ta tak i.

Dei største nasjonale politiske prosessane vi skal dra i land i tida som kjem, er den nye språklova som Stortinget skal handsame no i haust, og den nye opplæringslova. **Språklova** skal sikre norsk som samfunnsberande språk på alle område i samfunnet - og ho slår fast at det offentlege har eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst brukte av dei to offisielle skriftspråka. Diverre står ikkje resten av paragrafane heilt i stil med føremålet i lova.

Stortinget må rydde i lova dersom ho skal bli det løftet for nynorsken som vi har håpa på. Dei må slå fast at tilsette i staten - som er til for heile landet - framleis skal måtte kunne skrive heile det norske språket. Fylkeskommunane må få strengare språkreglar, og brot på lova må få sanksjonar. Ingen skal fortelje meg at det er urimeleg å vente seg at staten følgjer staten sine eigne språkreglar.

Som eg sa i går: Ei minst like viktig språklov er den nye **opplæringslova**. Eg forventar at Guri Melby og regjeringa tar med seg krava frå denne møtelyden og kjem med ei opplæringslov som gjev sårbare nynorskelevar ei betre lese- og skriveopplæring og ein betre skulekvardag.

Nynorskelevane må få gå i eigne klasser også på ungdomsskulen, og dei må få den same retten til og tilgangen på digitale læremiddel som bokmålelevane. I dag fløymer norske klasserom over av digitale læremiddel på bokmål. Det er i praksis fritt fram. Makta over norsk språkutvikling skal ligge i nasjonalforsamlinga og ikkje hos multinasjonale teknologi-gigantar i California. Stortinget må ta ansvar.

Jamstilling mellom nynorsk og bokmål har lenge vore eit politisk mål. Men jamstillinga er ikkje reell - og eit rekordstort Noregs Mållag bør kvesse knivane og auke ambisjonsnivået. Vi må rett og slett krevje meir.

Skal vi lukkast, er vi avhengige av å dra lasset saman. Sentrallekkjen må spele på og med lokallaga og utnytte at vi er ei stor og brei folkerørslé. Verken lokale eller sentrale styresmakter bør undervurdere den mobiliserande krafta frå tusenvis av mållagsaktivistar. Kanskje særleg i opplæringsspørsmål spelar lokallaga ei viktig rolle. De er tett på klasseromma, skulane og kommunestyra. De har kanskje ein son som ikkje får lærebøkene sine på nynorsk, eller ei dotter som blir plassert i ei språkblanda klasse. Den jobben som mållaga gjer lokalt med å kartleggje stoda, er uvurderleg.

Formell likestilling og likehandsaming er ikkje godt nok, så lenge det ikkje er like lett å vere nynorskbrukar som bokmålsbrukar. Eg håpar at føremålsparagrafen i den nye språklova kan markere eit vegskilje i norsk språkpolitikk: Språkpolitikken må bli asymmetrisk. Han må aktivt forskjellsbehandle nynorsken i positiv forstand, og nynorsken må få rettar og reglar som ikkje gjeld for bokmålet. Berre slik kan vi kome nærare målet om ei reell jamstilling.

Er dette urimeleg? Nei. På ingen måte. Det er vi som må leve med asymmetri i praksis - i våre altfor bokmålsdominerte kvardagar.

\*

Då vi var samla til landsmøte sist, i Vinje i 2018, vedtok vi eit omfattande arbeidsprogram. Magne Aasbrenn gjorde godt greie for korleis styret og resten av organisasjonen har arbeidd med dette dei siste to åra. Vi må heile tida prioritere tida og ressursane våre slik at vi får gjort mest mogleg effektivt målarbeid. Arbeidsprogrammet er både ei politisk programerklæring og ein kontrakt mellom landsmøtet og styret.

Sjølv om det er lett å bli fanga av kvardagen, er det avgjerande at vi lar programmet og hovudprioriteringane vere førande for arbeidet vårt. Dei fem viktigaste tinga landsmøtet på Vinje bad oss arbeide med, er:

- 1) Den **digitale skulekvardagen** skal vere nynorsk.
- 2) Nynorsken skal tene på **omorganiseringa av det offentlege** Noreg.
- 3) Barn og unge skal møte **nynorsk i heile utdanningsløpet** - frå barnehage til akademia.
- 4) Noreg må sikre **språkleg jamstelt teknologi**, og
- 5) Noregs Mållag skal bli ein **sterkare politisk organisasjon**.

Eg skal gjere mitt for at vi lukkast, og eg er glad for at eg har med meg så mange flinke målfolk på laget. Eg trur og håpar eg kan klare å vere ein synleg leiari av mållaget - ein som viser fram Noregs Mållag som ein moderne og profesjonell organisasjon. Vi skal vere harde mot dei harde og ikkje finne oss i å måtte stå med lua i handa. Vi skal krevje vår rett *og vel så det*, men vi skal gjere det med glimt i auga. Det trur eg tener saka.

Alt for ofte blir vi pressa opp i eit hjørne - med ryggen mot veggen - i forsvarsposisjon. Då ser vi svakare ut enn vi er. For mållaget er ikkje svakt. Mållaget er ein sterk organisasjon - og vi blir stadig sterkare. Vi blir fleire og fleire røyster som arbeider for det same målet.

Det er få ting som er så kjekt som å setje medlemsrekordar. Dei siste tre åra har mållaget hatt over 13 000 medlemmer. Det er 3000 fleire enn for ti år sidan. Medlemstalet i 2019 var det høgste på tretti år - og no er vi på god veg mot vårt neste vervemål: 14 000 medlemmer.

Vi ser at store saker som ny læreplan og ny språklov engasjerer og fører til medlemsauke. Vi tar

hjarateleg imot alle som vil vere med på vinnarlaget. Har du hugsa å spørje ein ven om han eller ho vil bli medlem i det siste? Ofte er det ikkje meir som skal til.

\*

Av og til føler eg målsaka er som å spele eit terningbasert brettspel der ein skal kome seg frå eitt punkt til eit anna, sjølv om det sjølv sagt ikkje er slump og flaks, men systematisk målarbeid som driv oss framover på brettet. Like fort som vi flyttar brikka fram fire felt, så rykker vi tilbake to.

Den eine dagen blir verdas største nynorskkommune Ålesund etablert, rykk fire felt fram, men den andre dagen slår regjeringa saman halvårskaraktarane i skriftleg sidemål og hovudmål. Rykk to felt tilbake.

Den eine dagen får nynorskinstitusjonane millionar i statsbudsjettet, men den andre dagen sit dei same styresmaktene og lèt att auga for openberre brot på opplæringslova dei sjølv har vedtatt, anten det gjeld ulovleg klasseblanding eller læremiddel som berre finst på bokmål.

Har nynorsken framgang eller er han på vikande front? Det kjem kanskje an på kven som spør, kvar i landet spørsmålet blir stilt - og kor stort tidsvindaug det er snakk om. Kanskje er svaret litt begge delar på same tid. Men det som uansett er heva over tvil, er at nynorsk er eit livskraftig bruksspråk som passar til absolutt alt overalt - og Noregs Mållag ser berre framover - akkurat som i eit brettspel.

Om Unge Høgre-populistar går til åtak på sidemålsordninga og det kjennest som om vi må flytte brikka tre felt tilbake - så er det vår jobb å sørge for at brikka raskt blir flytta framover mot målet igjen.

Om vi taper eitt og anna slag, så skal vi vinne krigen. Heldigvis vinn vi også små og store sigrar kvar dag.

-

Sjølv om talet på nynorskelevar i skulen har gått ned, så misser eg ikkje motet av den grunn. Vi skal sørge for at flest mogleg nordmenn får fridomen som ligg i å lære seg nynorsk. Berre slik får dei ta del i heile den norskspråklege fellesarenaen.

Då må alle få systematisk og god opplæring i skulen, og borgarane sine grunnleggjande språkrettar må respekterast. Alle må få sjå og møte meir nynorsk rundt seg - på alle område i samfunnet.

Den demokratiske grunntanken om at nasjonen Noreg fortener eit eige språk basert på dei norske dialektane, gjer nynorsk til eitt av dei største fridomsprosjekta i saga om Noreg. Så må vonde tunger gjerne karakterisere det som språktvang at alle skal få lære det i skulen. men fridomen til å kunne skrive nynorsk resten av livet er opplagt viktigare enn den falske fridomen til å kunne velje det vekk i nokre få formative tenår.

Opplæring og eksponering gjev kunnskap og kompetanse.  
Med kunnskap og kompetanse blir haldningane betre og motstanden mindre.

\*

Ein stad nynorsken verkeleg har hatt vind i segla dei siste åra, er i dei store byane.

Det har blåse ein nynorskvenleg vind gjennom kommunestyresalane i både Bergen, Oslo og

Stavanger. Vi ser konturane av eit politisk stemningsskifte, og eg trur dette heng saman med at den urbane nynorskmotstanden stilnar og er på vikande front. Det synest lenge sidan Harald Victor Hove frå Høgre brann Nynorsk ordliste i eit krampeaktig forsøk på å kome seg ut av Bergen og inn på Stortinget. Eg tvilar på at vi igjen får sjå kampanjar som Unge Høgre sin «La dem raute nynorsk, så lenge jeg slipper».

I dag kappar byar som Bergen, Stord og Førde om å vere «nynorskhovudstaden». Det er ein konkurranse med berre vinnarar.

Kanskje blir det Ålesund? Når Ålesund kan bli «Årets nynorskkommune, då kan alt skje», seier Are Kalvø. Det som i alle fall er sikkert, er at Ålesund kommune er verdas største nynorskkommune, men også denne hausten herjar språkstriden på Nordvestlandet.

At nye Ålesund har blitt ein nynorskkommune, er å ta statusen til nynorsken som eit mindre brukt språk enn bokmålet på alvor, og det gjer det litt enklare å vere nynorskbrukar. Og det er eit godt døme på éi av dei fem hovudprioriteringane i arbeidsprogrammet vårt: At nynorsken skal tene på omorganiseringa av det offentlege Noreg.

Språkbruksplanen som har vore på høyring, sikrar at Ålesund kommune utetter står fram som ein nynorskkommune, men det er likevel slik at dei som vender seg til kommunen, skal få svar på si eiga målform, og alle skjema og liknande skal vere tilgjengeleg på begge skriftspråka. Men når all utetterretta kommunikasjon frå kommunen er på nynorsk, både på nettsider og i sosiale medium, får innbyggjarane sjå litt meir nynorsk i sine bokmålsdominerte kvardagar. Det er bra.

Å velje å vere ein såkalla «språknøytral» kommune er i praksis ei likesæle til alle språkvala både det offentlege og borgarane må ta kvar einaste dag.

Det er denne likesæla fylkestingsrepresentant Monica Molvær frå Høgre har gjort seg til ei av dei fremste talskvinnene for. Denne hausten skal fylkestinget i Møre og Romsdal røyste over Molvær sitt framlegg om at Møre og Romsdal fylkeskommune skal gå frå å vere eit nynorskfylke til å bli språkleg nøytralt. Dette føreslo ho også i 2016. Då tapte ho. Det bør ho gjere også i år.

Nynorsk er eit nasjonalt språk frå og for heile landet. Men denne hausten står striden på Ivar Aasens heimlege strender. Når vi skriv 2021, er eg trygg på at nynorsken igjen har sigra i både Ålesund kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune. Så når vi no avrundar dette 101. landsmøtet i Noregs Mållag med å syngje *Nordmannen* i eit digitalt blandakor i hus og hytter i heile landet - bundne saman av breiband og fiber - så er det med håp om at nynorsken framleis skal stå støtt i heile Noreg - også der akkurat du sit og deltek på digitalt landsmøte i Noregs Mållag

- og kanskje særleg mellom dei bakkane og berga og ute med det havet Ivar Aasen skreiv om.

Takk for ei god landsmøtehelg og takk for merksemda.

### OPPLÆRINGSPOLITIKK ER SPRÅKPOLITIKK

---

Opplæringslova er ei heilt sentral språklov. Det er på opplæringsfeltet store delar av språkpolitikken vert utøvd, og det er såleis den mest sentrale språkpolitikken i eit samfunn.

Noregs Mållag krev at regjeringa gjer dei naudsynte tiltaka i arbeidet med ny opplæringslov for at nynorskelevane skal få ei like god opplæring som bokmåselevane har. Jamstillinga mellom nynorsk og bokmål er heilt avhengig av ei betre opplæringslov der dei språklege rettane til nynorskelevar blir lovfesta.

I mai i år kom regjeringa sitt framlegg til språklov. Denne slår i større grad enn mållova fast det offentlege sitt ansvar for språkpolitikken, og det særlege ansvaret staten har for å fremje det minst brukte språket. Det tyder at situasjonen for nynorsk skal vurderast i all politikktvikling der norsk språk er relevant. Opplæringslovutvalet oppnemnt av regjeringa føreslår å endre fleire av språkrettane til elevane, utan at dei språkpolitiske konsekvensane er utgreidde, eller at den språkpolitiske dimensjonen av endringane i det heile er nemnt. Utvalet sitt framlegg til ny opplæringslov står i sterk kontrast til formålet til den føreslegne språklova. Noregs Mållag meiner difor det vil vere svært problematisk om regjeringa stiller seg bak framlegga frå utvalet som så klart råkar nynorsken og nynorskbrukarane.

Landsmøtet til Noregs Mållag krev:

**1. Språkdelt ungdomsskule** Språkdelt ungdomsskule er eit av dei viktigaste tiltaka i språkdelt område for å sikre god hovudmålsopplæring for nynorskelevane.

I 2016 bad fleirtalet på Stortinget om ei utgreiing om retten til å gå i eigen nynorskklasser gjennom heile grunnskulen. Sidan har det ikkje skjedd noko. No må kunnskapsministeren ta grep og fremje lovfesting av denne retten.

#### **2. Digitale læremiddel på nynorsk**

Nynorskelevane må sikrast same rett til digitale læremiddel og kontorstøtteprogram på eige språk som bokmåselevane har.

Nynorskelevane får i stor grad tilbod om digitale læremiddel som berre finst på bokmål.

Opplæringslovutvalet behandlar heile problemstillinga med harelabb, og ser ikkje i det heile ut til å ha teke henne inn over seg. Utvalet skriv at dei meiner dagens paragrafar synest dekkande, trass i Noregs Mållag si undersøking som syner at det ikkje stemmer. Utvalet vil heller ikkje innlemme dei viktige kontorstøtteprogramma i parallellitetskravet. Slik gjev utvalet dei store multinasjonale selskapa makt over norsk språkutvikling.

#### **3. Hald på skulemålsrøystingane**

Historisk har retten til rådgjevande røystingar om skulemål i skulekrinsane vore heilt avgjerande for nynorsken si utbreiing. Opplæringslovutvalet gjer framlegg om å fjerne denne retten i lova. Då fjernar dei også ein av dei viktigaste språkrettane i Noreg. Det er oppsiktsvekkjande at dei gjer dette heilt utan å diskutere dei språkpolitiske konsekvensane.

Fjernar ein den lovpålagde plikta til slike skulemålsrøystingar, vil avgjerda om opplæringsmål liggje hjå kommunestyret åleine, med eit høve etter kommunelova til å halde rådgjevande røystingar. Det er svært uklart kva utslag det vil gje. Skulemålsrøystingane fungerer i dag berre som forsøk på å



vippe nynorsken ut av skulekrinsane. Noregs Mållag meiner likevel at makta til å endre skulemålet i krinsen framleis bør ligge hjå innbyggjarane.

#### **4. Ei reell tilsynsordning**

I dag er tilsynet med språkrettar i skulen dårleg. Noregs Mållag meiner dei manglande rutinane, den vantande kunnskapen og dei uklare klagerutinane undergrev retten elevane har til læremiddel på eige hovudmål.

For å sikre oppfølginga av språkrettane i opplæringslova meiner vi at tilsynsansvaret for språkrettar i skulen bør liggje med tilsynsansvaret for andre språkrettar: hos Språkrådet. Dei bør også vere klageinstans når rettane blir brotne. Dei har god kompetanse på feltet, og kan dermed følgje opp dette ansvaret på ein god måte.

---

### HALD PÅ KRAVET TIL OFFENTLEG SKRIVEKOMPETANSE

---

Noregs Mållag meiner framlegget til ny språklov er ei svekking jamført med dagens mållov.

Landsmøtet i Noregs Mållag ber difor Stortinget gjere dei endringane som skal til for at lova ikkje bryt med eige føremål.

Det er fleire gode element i den nye lova, og særleg er det styrkte føremålet svært positivt. At lova slår fast at det offentlege har eit særleg ansvar for å fremje det minst bruka språket nynorsk, er eit steg på rett veg for ein språkpolitikk som anerkjenner at det er eit skeivt styrketilhøve mellom nynorsk og bokmål.

Det er òg svært positivt at fylkeskommunen no får utvida plikter som vil sikre at nynorskbrukarane vil sjå meir av språket sitt. Men Noregs Mållag skulle helst sett at det var framlegget frå høyringsrunden, der fylkeskommunane hadde alle dei same pliktene som regionale statsorgan, som vart fremma for Stortinget.

Skal lova bli den viktige lova som ambisjonen har vore at ho skal vere, må Stortinget gjere desse endringane:

#### **1. Ikkje svekk kravet til skrivekompetanse**

Det mest dramatiske med framlegget til ny lov er at lova klart svekkjer kravet til skrivekompetanse i statsorgan. Landsmøtet til Noregs Mållag meiner statsorgan og fylkeskommunar skal kunne krevje at tilsette skal skrive både bokmål og nynorsk.

#### **2. Kvantifiser vekslinga mellom nynorsk og bokmål hjå nøytrale fylkeskommunar**

Det er viktig at vekslinga mellom nynorsk og bokmål i allment tilgjengelege dokument vert kvantifisert, slik at fylkeskommunane har ein prosentdel nynorsk dei skal produsere.

#### **3. Verkeområde må òg gjelde intern sakshandsaming**

Om verkeområdet for formålet med lova ikkje skal gjelde intern sakshandsaming, vert det eit paradoks at det einaste språkbruksdomenet i samfunnet der bruk av norsk generelt og nynorsk spesielt tilsynelatande, ikkje får eit lovfesta vern, er i intern sakshandsaming. Om ein tek ordlyden heilt på ordet, må det vere i orden for offentlege organ å ta i bruk engelsk som internt forvaltningspråk. Føremålet med lova må eksplisitt òg gjelde intern sakshandsaming, men vekslingsreglane mellom bokmål og nynorsk kan vere unnateke for intern sakshandsaming.

#### **4. Klageretten må ikkje bli innsnevra**

Klageretten må ikkje bli innsnevra, slik at språkorganisasjonar ikkje blir omfatta av han. Dette vil vere ei innsnevring av høvet til å klage samanlikna med dagens lov.

#### **5. Gje språklova sanksjonar**

Noregs Mållag meiner at den nye språklova treng sanksjonar. Språkrådet og Kulturdepartementet har gjentekne gongar peika på brot på språkkrava, utan at det blir retta opp. Noregs Mållag gjer framlegg om bot med ein tidsfrist for å rette på feilen, der feilrettingar i rett tid gjer at bota blir strøken.

---

## DIGITALE LÆREMIDDEL OG KONTORSTØTTEPROGRAM MÅ KOMME PÅ BÅDE NYNORSK OG BOKMÅL

---

Det trengst klårare definisjonar av kva som er eit læremiddel. Digitale verktøy som vert nytta regelmessig for å nå kompetansemåla i eit fag, må verte rekna som læremiddel. Nynorskelevane får i stor grad tilbod om digitale læremiddel og kontorstøtteprogram som berre finst på bokmål. Det same kan seiast om læremiddel og læringsplattformer i norskopplæringa for vaksne med anna morsmål enn norsk, som får opplæring i nynorsk. Noregs Mållag fekk i 2018 utarbeidd ein rapport som synte at tilgangen til digitale læremiddel var dårleg, og at definisjonane for kva eit læremiddel er i opplæringslova, er så uklar at det er lett for skuleeigar å omgå kravet og ta i bruk læremiddel som berre finst på bokmål.

Når regjeringa no skal utarbeide ei ny opplæringslov, må denne sikre retten til digitale læremiddel, læringsplattformer og kontorstøtteprogram betre enn dagens lov. Unntak frå lova må vurderast og grunngjevast særskilt. Retten til eige språk bør ikkje berre gjelde læremiddel. Retten bør òg gjelde kontorstøtteprogram, læringsplattformer, operativsystem og andre digitale hjelpemiddel som er avgjerande for at nynorskelevar og vaksne med anna morsmål enn norsk, som får opplæring i nynorsk får ei like god opplæring som bokmålelevane på sitt eige opplæringspråk. Utan slike krav til operativsystem og kontorstøtteprogram får nynorskelevane eit dårlegare tilbod.

Norske elevar nyttar i dag skriveprogram og andre kontorstøtteprogram utan brukargrensesnitt på nynorsk og utan god nok stavekontroll på nynorsk. Dei nyttar altså hjelpemiddel i skriveopplæringa som fortel dei at det dei skriv er feil, sjølv om det er korrekt nynorsk. Dette kan opplæringslova berre løyse ved at skrive- og andre kontorstøtteprogram får eit klart parallellitetskrav på seg frå norske styresmakter. Om ikkje, gjev utvalet dei store multinasjonale selskapa makt over norsk språkutvikling.